

# Ulstein vidaregåande skule – IT-reglement

## 1. Avtaleforhold og spesifiseringar

- Brukarar: elevar, tilsette og gjestar
- Identitet: brukarkontoar/tilgangar, inkludert brukarnamn og passord
- Lagringsmedium: minnepinnar, CD/DVD, harddiskar, minnekort, og andre einingar som kan lagre data/informasjon
- Einingar: utstyr som vert brukt/handtert av brukaren, som datamaskinar, telefonar og nettbrett, uavhengig av merke og plattform
- Brukaren er pliktig til å følgje IT-reglementet og ordensreglementet frå både skulen (Ulstein vidaregåande skule) og fylket (Møre og Romsdal fylkeskommune), i tillegg til eventuelle andre bestemningar frå skulen eller fylket
- I undervisninga skal brukaren følgje retningslinjer som blir gitt av lærar, så lenge dette ikkje strir mot bestemningar frå skulen eller fylket

## 2. Tidsrom og bruksområde

- IT-reglementet gjeld på skulen sitt område, og ved bruk av skulen eller fylket sitt nettverk, tenester, utstyr og system, også utanfor undervisningstida
- Ved behov, kan teksten i dette IT-reglementet oppdaterast/endrast gjennom skuleåret. Endringane skal godkjennast *av skulen* og elevrådet. Informasjon om endringane vert lagt ut på skulen sine informasjonskanal(ar)

## 3. Antivirus og tryggleik

- Brukaren er pliktig til å:
  - Ha installert, aktivert og oppdatert antivirusprogram på alle einingar som verte brukt på skulen og fylket sine nettverk, system eller tenester
  - Sørge for at *einingar og lagringsmedium* til ei kvar tid vert haldne fri for virus og anna skadevare
- Sensitiv informasjon skal berre oppbevarast på godkjende einingar/lagringsmedium. Kontakt IT-avdelinga for meir informasjon, eller for å få hjelp til sikker sletting eller destruksjon

## 4. Bruk

- Alle skulen/fylket sine nettverk, tenester og system skal berre brukast til undervisning, også utanom undervisningstida
- Det er **ikkje** tillate å:
  - Bruke private nettverk/mobildatanett i undervisningstida
  - Nytte VPN, program eller tenester som forsøker å omgå sperra nettsider eller tenester
  - Bruke skulen/fylket sine nettverk til nedlastingar, opplastingar eller oppdateringar som krev nettilkopling. Unntak er nedlastingar/oppdateringar til operativsystem, sikkerheitsprogram og programvare som vert brukt i undervisninga
  - Bruke strøymetenester som Netflix eller YouTube utan at det er fagleg behov
  - Laste ned, oppdatere eller bruke spel, pornografi, valdeleg, rasistisk eller anna krenkande materiell
  - Bruke nettsider, tenester, system eller program meint for fildeling. Dette inkluderer mellom anna torrent/P2P- teknologi
  - Bruke piratkopiert programvare, spel, videoar, musikk eller anna materiell med opphavsrett
  - Bruke, forsøke å tileigne seg, eller hjelpe andre med å tileigne seg identitetar, tilgangar eller rettar utanom det som er tildelt
  - Utveksle sensitiv informasjon som er underlagt teieplikt
  - Endre, omkonfigurere, opne eller demontere materiell som tilhøyrer skulen
  - Bruke kabla nettverk

## 5. Brukaren sine plikter

- Brukaren skal hindre uautoriserte personar i å få tilgang til system og tenester, og han/ho er pliktig til å melde mistankar om, eller brot på reglement til skulen
- Brukaren er ansvarleg for sin eigen identitet, og skal sørge for at andre ikkje får tilgang til identiteten
- Brukaren skal ikkje nytte andre identitetar enn sin eigen
- Brukaren er pliktig til å logge av alle system og tenester etter bruk

## 6. Loggføring og innsyn

- Skulen og fylkeskommunen har:
  - Høve til overvåking og loggføring av trafikk/data/informasjon som skjer på, eller går via skulen eller fylket sine nettverk, system og tenester
  - Tilgang til filer/data/informasjon som er lagra på skulen eller fylket sine system, tenester og serverar
  - Høve til å utføre stikkprøver/kontroll på trafikk, lagra filer, loggar og annan data/informasjon
  - Ved mistanke om fusk på prøver/heildagsprøver/eksamenar kan skulen be om innsyn på eleven sin pc, nettbrett eller anna eining for å bekrefte eller avkrefte eventuelle mistankar

## 7. Lån av utstyr og programvare, og økonomisk ansvar

- IT-avdelinga kan tilby lån av datamaskinar og diverse utstyr i kortare periodar. Ved behov kan det også lånast ut lisensiert programvare
  - Før lånemateriell vert utlevert, må det signerast eigen kontrakt som spesifiserer lånevilkåra for det individuelle lånemateriellet. Faste installasjonar krev ikkje lånekontrakt, men kan berre brukast etter godkjenning frå lærar, og er omfatta av vilkåra i dette dokumentet.
  - Ved tap, skade og/eller misleghald av kontrakten, kan brukaren haldast økonomisk ansvarleg. Dette kan mellom anna resultere i dagbøter og/eller erstatningskrav
  - Avinstallasjon/fjerning av lånt programvare skal berre utførast av IT-avdelinga sitt personale. Dersom lisensiert programvare vert fjerna av andre, er lisensen til programvaren å rekne som tapt

## 8. Signatur

- Brukarar som er under 18 år, må ha signatur frå føresette
- Ved signering av IT-reglementet godtek føresette og/eller brukaren at
  - Brukaren kan haldast økonomisk ansvarleg for brot på kontraktar og IT-reglementet
  - Brukaren kan låne utstyr og programvare fra skulen, og signere lånekontraktar på vegner av føresette

## 9. Konsekvensar for brot (*misleghald*) på kontraktar og IT-reglement

- Virusspreiing og brot på skulen eller fylket sitt IT-reglement, kan mellom anna føre til nedsett ordenskarakter, erstatningskrav for påførte kostnadar/meirarbeid, utestenging fra utlånstilbodet, IT-tenester og skulen/fylket sitt nettverk, eller ved grove overtramp, utvising og/eller at ein vert meldt til politiet

-----  
Fyllast ut og leverast til IT-avdelinga:

## Forståing av IT-reglar for elevar

- ✓ Eg har lese reglementet og stadfester at eg skal nytte Internett og Skulen og/eller Fylket sine IT-system i tråd med dei reglane som er gjeve i dette dokumentet.
- ✓ Eg er innforstått med at Skulen har høve til å gå inn på mitt elevområde og logg, og at brot på reglane kan resultere i disiplinære tiltak og nedsett ordenskarakter.
- ✓ Eg er innforstått med at eg kan gjerast økonomisk ansvarleg ved tap/skade på utlånt utstyr frå Skulen, og/eller misleghald av nærare spesifisert lånekontrakt.
- ✓ Eg godtek at skulen kan kontakte meg gjennom SMS og/eller e-post på dei telefonnummer og/eller adresser skulen har registrert på meg. Eg er pliktig i å sjå til at skulen alltid har oppdatert informasjon om desse.
- ✓ Om eleven er under 18 år, godtek føresette med dette at elevens underskrift av ei lånekontrakt for utlån av utstyr eller programvare er godkjent og bindande.

Dato \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Signatur Elev

\_\_\_\_\_  
Signatur føresette (om eleven er under 18 år)

\_\_\_\_\_  
Fullt namn (fornamn, etternamn) til eleven med  
STORE bokstavar

\_\_\_\_\_  
Namn føresette med trykte bokstavar  
(om eleven er under 18 år)

Klasse: \_\_\_\_\_

*Denne gjenparten må leverast til IT-avdelinga.*

*Innlevert gjenpart er berre gyldig i eitt skuleår. Ny utfylt gjenpart må leverast ved kvar skulestart.*